

## PRESSEMELDING

**Trude Hisdal – Maleri**  
**Akryl på lerret**

**04.03-29.03**  
**Galleri Giga**

Trude Hisdal kjem frå Bergen, er busett og arbeider i Rosendal.

Tematisk er ho oppteken av menneske og naturen, korleis me eksisterer i gjensidig påverknad. I kommunikasjonen mellom menneske, dyr, planter og landskap opplever ho tilflukt og venleik, men og ei uro i høve truslane jorda og naturen står ovanfor.

Kunstkritikar Øystein Hauge seier så fint at Hisdal framhevar mennesket. Bak ei forførerisk malerisk overflate skin ei gåte med mytiske overtonar.

Bileta syner ulike former for overgangar; frå natt til dag, frå born til vaksen, frå liv til død.

Hisdal beskriv maleprosessen som forskning i sinnet og jobbar med kvart maleri i mange vende. Ho seier:

*"Jeg er opptatt av den langsomme , håndgjorte prosessen som ligger bak hvert maleri. Under det endelige bildet ligger der en serie av andre bilder, og fordi jeg gjerne vil overraske meg selv har jeg ingen formening på forhånd om hvordan det ferdige maleriet skal bli."*

Trude Hisdal malar med akryl på lerret. Ho blandar det figurative og abstrakte. Hisdal har utdanninga si frå Statens høgskule for kunst og design i Trondheim og Bergen.

Ho har delteke på mange separat- og kollektivutstillingar. Siste separatutstillingane var på Galleri Guddal, Rosendal og i Sillegården, Sverige.

Kunstnaren monterar utstillinga onsdag 01.03.17.

Ho kan og møtast på tlf 911 77 215

<http://www.trudehisdal.com/malerier/>

Med helsing  
Oddrun Helvik  
Galleri Giga AS